

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø (Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)

**Sendt:** 07.12.2017 11:41:13

**Til:** 'Rune Heradstveit'

**Kopi:**

**Emne:** SV: Fra Hordaland fylkeskommune - henvendelse om deltaking i nytt samarbeidsorgan i Hordaland

**Vedlegg:**

Tusen takk. Dette er eit nybrottsarbeid, slik at det vil nok også kome endringar om korleis få dette best til etter kvart som vi får erfaringar. Regionaldirektør Bård Sandal vert leiari for samarbeidsorganet.

Mvh

Else-Marie

---

**Fra:** Rune Heradstveit [mailto:[Rune.Heradstveit@nordhordland.net](mailto:Rune.Heradstveit@nordhordland.net)]

**Sendt:** 7. desember 2017 11:38

**Til:** Else-Marie Brobakke Aarø <[Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no](mailto:Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)>

**Emne:** SV: Fra Hordaland fylkeskommune - henvendelse om deltaking i nytt samarbeidsorgan i Hordaland

Hei igjen

Takk for informasjon. Me skal tenkja grundig på dette, og prøva å finna ein person som både er interessert i dette, og som har tid til å bidra både i møtene, men og elles.

Mvh Rune

---

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø [mailto:[Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no](mailto:Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)]

**Sendt:** 7. desember 2017 11:29

**Til:** Rune Heradstveit

**Emne:** SV: Fra Hordaland fylkeskommune - henvendelse om deltaking i nytt samarbeidsorgan i Hordaland

Hei igjen,

Tusen takk for raskt svar. Då sender eg brevet gjennom sakssystemet.

Vi har sett av første møte i samarbeidsorganet den 31.01.18. Det hadde vore fint å få på plass eit navn seinast innan den 15.01.

Det behøver ikkje være ein politisk representant. Men det kan gjerne være det. Det kan også være en administrativ representant. Dette er opp til kommunane/regionråda. Men det hadde vore greitt med ein representant som er interessert i folkehelsearbeid. Gjerne ein rådmann eller annan ressursperson som kan

bruke litt tid på dette arbeidet. Lavt sakshandsamar nivå er ikkje ønskjeleg. Det vil bli 2-3 møter i året.

Vi har sendt invitasjon til alle regionråda + Bergen kommune. Det hadde vore kjekt å fått til ei god fordeling mellom ressurspersonar frå kommunane. Har de dialog mellom kommunane må de gjerne ha ein prat om fordeling av representantane sin kompetanse/funksjon inn i samarbeidsorganet.

Vi vil ha med to politiske rep fra fylkesutvalet og to ungdomsrepresentanter fra ungdommens fylkesutval.

3 administrative leiarar frå fylkeskommunen.

6-7 rep fra kommunane

4-5 rep fra forskning- og utdanningsinstitusjonar/kompetansesentre

NAV og frivillig sektor.

Det vert eit stort organ. Samansetninga vil også kunne justerast.

Håper dette er oppklarande.

Beste helsing

Else-Marie Aarø

Hordaland fylkeskommune

---

**Fra:** Rune Heradstveit [mailto:[Rune.Heradstveit@nordhordland.net](mailto:Rune.Heradstveit@nordhordland.net)]

**Sendt:** 7. desember 2017 11:08

**Til:** Else-Marie Brobakke Aarø <[Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no](mailto:Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)>

**Emne:** SV: Fra Hordaland fylkeskommune - henvendelse om deltaking i nytt samarbeidsorgan i Hordaland

Hei Else-Marie

Du finn vårt organisasjonsnummer i Breg – [www.breg.no](http://www.breg.no) , men her er det:

Nordhordland Utviklingssselskap IKS

Org.nr.: 971361514

Når det gjeld medlem til samarbeidsorgan folkehelse;

- Når må de ha eit namn klart?
- Og er det politisk eller administrativ medlem de er ute etter, og kva nivå tenkjer det på dersom det er administrativ? Er det ein fagperson som jobbar med dette, eller er det t.d. ein rådmann. Eller er det nokon frå Regionkontoret?

- Eg tenkjer dette heng til saman med resten av medlemmene. Kan du seia noko om kven det er?

Med venleg helsing

Rune Heradstveit | Dagleg leiar | Nordhordland Utviklingsselskap IKS | Region Nordhordland

Tlf. +47 56 37 58 87 | Mobil +47 90 75 34 59 | [www.regionnordhordland.no](http://www.regionnordhordland.no)

---

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø [<mailto:Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no>]

**Sendt:** 7. desember 2017 09:35

**Til:** Rune Heradstveit

**Emne:** Fra Hordaland fylkeskommune - henvendelse om deltaking i nytt samarbeidsorgan i Hordaland

Hei Rune,

På vegne av næringssjef Mette Nora Sætre i Hordaland fylkeskommune skal vi sende en invitasjon til regionrådet Nordhordland med spørsmål om dere kan utnevne et medlem fra kommunene til nytt samarbeidsorgan som skal etableres innenfor folkehelsesamarbeidet i fylket vårt.

Vi har rutine på å sende slike brev elektronisk via ALT-inn. Mitt spørsmål er derfor om de har et organisasjonsnummer som vi kan nytte til dette. Håper du har høve til å gi en rask tilbakemelding.

Beste helsing

**Else-Marie Brobakke Aarø**

Seniorrådgjevar

Regionalavdelinga | Seksjon for Næring og lokalsamfunnsutvikling

Tlf: 924 79 790

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)